



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 06.02.2018
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 7/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 9/18	Orienteringssaker
OS 4/18	Lys kommunale vegar
OS 5/18	Busskur på Lid
PS 10/18	Frådeling etter jordlova § 12, Marit Helset
PS 11/18	Gbr 30/17 – Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom
PS 12/18	Støtte til registrering av hønsehauk
PS 13/18	Fagrappport kjerneområde landbruk for Volda kommune etter høyring i grendalaga
PS 14/18	Gbr 128/1 – Søknad om utsetjing av buplikta, Halvor Hjelle

PS 7/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 8/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

PS 9/18 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 4/18 Lys kommunale vegar

OS 5/18 Busstur på Lid



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Børild Skåra	Arkivsak nr.:	2017/2196
		Arkivkode:	30/ 17

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/18	Forvaltningsutvalet	06.02.2018

FRÅDELING ETTER JORDLOVA § 12, MARIT HELSET

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 15.11.2017, frå Marit Helset, eigar av gnr 30 bnr 17. Det vert søkt om deling av 3 skogteigar på til saman 207 daa frå landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av 207 daa slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga drifts- og ressursmessige styrkar landbrukseigedomen som mottek areal. Det vert sett vilkår om sal til naboeigedom.

Vedleggsliste:

1. Søknad om deling frå Marit Helset m/kart, dagsett 15.11.2017
2. Oversendingsbrev/førebels svar frå Volda kommune, dagsett 24.11.2017
3. Kart over området.

Samandrag av saka:

Marit Helset søker om frådeling av 3 skogteigar frå landbrukseigedomen 30/17 på til saman 207 daa for sal til 30/1.

Saksopplysningar/fakta:

Søknaden gjeld deling av 3 skogteigar på til saman 207 daa. Skogteigane skal seljast til gnr 30 bnr 1 og vere tilleggsjord denne landbrukseigedomen. Det er difor og søkt om konsesjon på overtakinga av teigane. Gnr 30 bnr 17 skal behalde 2 teigar på 5,2 og 1,2 daa. Søknaden er dagsett 15.11.2017, og vart av Volda kommune sendt over til landbrukskontoret Ørsta Volda for jordlovshandsaming 24.11.2017.

Tekst frå oversendinga:

På denne saka er det elles forventa følgjande saksgang:

- Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova.
- Etter dette vert sjølvle delesøknaden vurdert og handsama i Sektor for Utvikling etter plan- og bygninglova.

- Dersom det vert gitt løyve til deling vil saka verte oversendt oppmålingsansvarleg for utføring av oppmålingsforretning og utsetting av grensemerke.

Søkjaren Marit Helset er eigar av gnr 30 bnr 17. Landbrukseigedommen er totalt på 214 daa – fordelt på 5 teigar, og med desse markslaga:

Fulldyrka jord	Overflate - dyrka jord	Innmark s- beite	Skog sær s- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd
0	0	0	5,2	97,7	16,7	0	79,9	0	0	12,6	1,6

Eigedommen har ikkje våningshus berre ei driftsbygning.

Føremålet med søknaden er å dele frå det meste av skogen (207 daa) til annan landbrukseigedom som er i drift. Ein vil berre behalde to mindre areal.


Dei 3 teigane har desse areala:

1. Ved Horndalsvatnet; 6,7 daa skrinn fastmark, 30,7 daa uproduktiv skog, 7,8 skog bonitet M = totalt 45,2 daa
2. Høgedalen; 5,9 daa skrinn fastmark, 48,4 daa uproduktiv skog, 6,1 daa skog bonitet M, 57,7 daa skog bonitet H = totalt 118,1 daa
3. Litledalen; 0,9 daa uproduktiv skog, 2,7 daa skog bonitet M, 40 daa skog bonitet, 0,4 daa veg = totalt 44 daa

Teigane ein vil behalde ligg nærare Volda sentrum.

Desse består i:

- 1) Resten av tunteigen er på 1,2 daa bebyggd areal
- 2) Teig ved Rotevatnet er på 5,2 daa skog bonitet S



Frådelinga gjeld areal som ligg som LNF i kommuneplanen.

Kjøparen, Ragnar Aarflot, driv landbruksføretaket org nr 970 994 718 med ammekyr, sau og kombinert besetning med svin. Det vert i tillegg drive aktivt skogbruk der gnr 30 bnr 1 har eit produktivt skogareal på vel 1.600 daa. Dyretalet ved sist telling var 11 ammekyr, 15 andre storfe, 64 v.f.sau, 26 purker, 94 smågris og 223 slaktegris.

Vurdering og konklusjon:

Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: M-1/2013 Omdisponering og deling.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Det vert i tillegg synt til rundskriv M-1/2013 omdisponering og deling.

I denne saka må ein vurdere om det er forsvarleg å svekke det eine bruket mot å styrke eit anna. Jordlova opnar for at delingar med slikt føremål skal vere enklare å gjennomføre. I rundskrivet vert det opplyst at når ein legg vekt på vern av arealressursane kan frådeling av areal som tilleggsjord leggjast vekt på dersom ressursane vert like godt eller betre verna ved at dei vert lagt til eit grannebruk.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Gnr 30 bnr 17 har ikkje att jordbruksareal, berre skog og restar frå tunet. Det er ikkje våningshus på bruket. Søkjaren ser seg ikkje tent med å behalde skogen og ser det som ei betre løysing at denne vert lagt til eit bruk som driv aktivt skogbruk.

To av dei tre teigane vil grense til teigar på 30/1, og slik sett betre moglegheitene for ei meir rasjonell drift.

I dette tilfellet vert 30/17 klart svekka då det berre vert att 6,4 daa. Vi trur likevel at ein her får ei god løysing då 30/1 vert styrkt og då ein her driv ei aktiv forvaltning av skog og skogressursane. I tillegg til skogsdrifta vert områda og nytta som utmarksbeite til sau.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk. Delinga vil her minske ulempene då ein reduserer teigdelinga, og ein opnar for meir rasjonell drift.

Her vil 30/17 etter delinga framstå som ein sær s litten landbrukseigedom, men styrkinga av 30/1 er i samsvar med intensjonane i jordlova, då ein får ei meir robust eining kor forvaltning og drift får betre vilkår.

Ein konkluderer med at ein her kan tilrå deling, der vilkåret er at skogteigane vert seld som tilleggsgjord til bruk i drift, slik kjøpskontrakt stadfester.

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune
Marit Helset
Ragnar Aarflot

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Plass for kommunen sitt stempel

VOLDA KOMMUNE	
2017/2196	utv 10/10/17
16 NOV 2017	
Bygg 30/17	

Søknaden sendast:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
30	17			MARIT HELSET
				Underskrift:
				Marit Helset

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning
 Oppretting av festetomt
 Oppretting av punktbeste
 Anna: (spesifiser) _____
 Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	207305 m ²	LNF	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr. 30/1
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

Arealdisponering

Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: ... m **Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette**
 Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand:.... m

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)		
Er tiltaket plassert i flomutsatt område?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg	
Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43		
Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?		
<input type="checkbox"/> Riksveg <input type="checkbox"/> Fylkesveg <input type="checkbox"/> Kommunal veg <input type="checkbox"/> Privat veg		
Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?		Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggjast ved.
<input type="checkbox"/> Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (plan må vedleggast)		
<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse		
Er løyve til avkøyrsløse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2		
Offentleg vassverk:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast. Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.
Offentleg avløpsanlegg:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat vassverk:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat avløpsanlegg:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Vedlegg		
Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse	
<input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan		Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
<input type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel		
<input type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad		
<input type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver		
<input type="checkbox"/> Andre vedlegg		
Underskrift av søkjar/rekvirent		
Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
15.11.2017	Marit Helset	
Adresse		Postnr/stad
Meylav 11. 6100 Volda		
E-postadresse		Telefon
marit.helset@tussa.com		
Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av		
Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)		
Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
15/11-2017	Ragnar Aarflot	Ragnar Aarflot
Adresse		Postnr/stad
		6100 VOLDA



Marit Helset

Mylnevegen 11
6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2196	15095/2017	30/ 17	UTV/ TORGSTE	24.11.2017

FØREBELS SVAR

Førebels svar i samsvar med forvaltningslova § 11 a

Adresse:	Litledalen	Gnr/Bnr:	30/17
Søkjar/Rekvirent:	Marit Helset	Adresse:	Mylnevegen 11, 6100 VOLDA
Kjøpar:	Ragnar Aarflot	Adresse:	Rotset, 6100 Volda

**Saka gjeld: Deling- og oppmålingsforretning etter plan- og bygningslova og matrikkellova
Skogteigar i Høgedalen/Lisjedalen**

Dykkar søknad om løyve til deling av eigedom, datert 15.11.2017 er motteken i kommunen 16.11.2017.

Det er gjennomført ein førebels mottakskontroll av søknaden.

På denne saka er det forventet følgjande saksgang:

- Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova.
- Etter dette vert sjølvdelesøknaden vurdert og handsama i Sektor for Utvikling etter plan- og bygningslova.
- Dersom det vert gitt løyve til deling vil saka verte oversendt oppmålingsansvarleg for utføring av oppmålingsforretning og utsetting av grensemerke.

Ein gjer merksam på at kvar av desse tenestene er gebyrbelagde. Oversikt over gebyrsatsar finn ein på kommunen si heimeside.

Heimelshavar kan bli pålagt å rydde siktlinjer for målingane under oppmålingsforretninga - der dette er naudsynt, utanom i hage eller park, då dette kan være avgjerande for å kunne gjennomføre oppmålinga. Rydding av skog avtalast nærare med landmålar.

Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2017/2196.

Med helsing

Torgeir Stensø
sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058755	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro: 3991.07.81727



gbr. 30/17

1:15000

07.04.2016



Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal Arkivsak nr.: 2018/267
Arkivkode: V60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/18	Forvaltningsutvalet	06.02.2018

GBR 30/17 – SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 16.11.17 om konsesjon på 3 teigar på tilsaman 207 da frå gnr. 30 bnr. 17 på Rotset. Det vert vist til konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gitt konsesjon til Ragnar Aarflot, fødd 28.04.56. Vilkår er at arealet vert tilleggsareal til eige bruk gnr. 30 bnr. 1 m.fl.

Vedleggsliste:

1. Søknad frå Ragnar Aarflot, datert 16.11.17
2. Avtale datert 17.11.17
3. Gardskart i M 1:20000, gnr. 30 bnr. 1 m.fl.

Saksopplysningar/fakta:

Ragnar Aarflot, fødd 28.04.56, har sendt inn søknad datert 16.11.17, om konsesjon på deler av gnr. 30 bnr. 17 på Rotset i Volda sentrumsområde. Det vert søkt om konsesjon på 3 teigar på tilsaman 207 da frå dette bruket. Det er sendt inn søknad om deling etter jordlova, som vert handsama først i forvaltningsutvalet, og det vert vist til kartutsnitt og meir saksopplysningar i denne saka. Overdragar er Marit Helset. Det er lagt ved avtale mellom kjøpar og seljar, verdivurdering og kjøpesum er sett til kr 250 000. Det som vert att av gnr. 30 bnr. 17 er tunteigen som ligg i sentrumsområdet av Volda og ein teig ved Rotevatnet, totalt 6,4 da.

Det er opplyst i søknaden at eigedomen består av skog og er tilgrensande til kjøparen sine teigar, det er også felles skogsvegssystem. Kjøpar vil få styrka næringsgrunnlaget på eige bruk med kjøpet.

Ragnar Aarflot driv gnr. 30 bnr. 1 m. fl. (gnr./bnr. 30/21, 30/8, 30/90, 30/233), med ammeku, sau og grisehald. Etter gardskartet (Skog og landskap), har driftseininga (alle bnr.) dette arealet: 73,3 da fulldyrka jord, 37,6 da beite, 1932,9 da skog, 79,4 da andre markslag; eit totalareal på 2 123,2 da. Bruket ligg på Rotset.

Omsøkt areal på gnr. 30 bnr. 17 i LNF-område.

Vurdering:

I konsesjonslova § 1 står det:

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. *framtidige generasjoners behov*
2. *landbruksnæringen*
3. *behovet for utbyggingsgrunn*
4. *hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser*
5. *hensynet til bosettingen*

I § 9 står det om forhold av betydning for om konsesjon skal gis, spesielt for landbruks-eigedommar:

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særleg vekt på:

1. *om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
2. *om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
3. *om ervervet innebærer en driftsmessig god løysing,*
4. *om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
5. *om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

I tillegg til lovteksten, vert søknaden vurdert etter retningslinene i nytt rundskriv M-3/2017 (datert 01.09.17) Konsesjon, priskontroll og boplikt.

Eg vurderer det slik etter dei enkelte punkta i § 9:

- Etter endring i konsesjonslova 01.09.17 er det ikkje lenger priskontroll på reine skogeigedomar, slik som det er søkt om konsesjon på her. Prisen vert difor ikkje vurdert nærare.
- Ervervet vil ikkje føre til auka busetjing, sidan arealet vert tilleggsareal til eksisterande bebudd bruk. Areal ligg i sentrumsområdet av Volda der det er folketalesauke, slik at busetjingsomsynet ikkje veg sterkt her.
- Det er ei driftsmessig svært god løysing å slå saman omsøkte areal med nabobruk, sidan ein spesielt i skogbruket har mange små einingar som gjer det vanskeleg med effektiv drift.
- Kjøpar driv eigen landbrukseigedom, og er godt skikka.
- Ervervet vil ivareta omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Jakt-, fiske-, fall- og beiterettar skal fylgje areala, sidan desse ikkje kan delast frå. Det vert vist til føregåande sak om frådelling etter jordlova for fleire vurderingar.

Ved søknad om konsesjon kan det setjast vilkår etter konsesjonslova §11:

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

I dette tilfellet skal omsøkte areal vere tilleggsareal til eige bruk gnr. 30 bnr. 1 m.fl., og det er naturleg å setje vilkår om dette.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at Ragnar Aarflot, fødd 28.04.56, får konsesjon på 207 da frå gnr. 30 bnr. 17 i Volda kommune, med vilkår om at areala skal vere tilleggsareal til eige bruk gnr. 30 bnr. 1 m.fl. Eigarskiftet er avhengig av at det vert gitt løyve til frådelling av areala etter jordlova

§12. Areala kan ved deling få nytt bnr., i det tilfellet gjeld konsesjonen for det nye bruksnummeret.

Ørsta, 29.01.2018

Liv Bente Viddal
Landbrukskontoret Ørsta Volda

Utskrift av endeleg vedtak:

Ragnar Aarflot, Rotset, 6100 Volda

Ørsta kommune, landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Landbruksdirektoratet
Eanandoalodirektoráttá

ØRSTA KOMMUNE
Seksjon *LandøV* *Viddal*
11 DES 2017
Saksnr *2017/2497*
Løpenr *107*

Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eiendom etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98
Det er eit krav at du nyttar dette skjemaet når du søker om konsesjon

Søknaden skal sendast til kommunen der eiendomen ligg

Tøm skjema

Før du fyller ut, bør du undersøke om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleiinga på side 3 og 4

Til ordføraren i Volda (kommunen der eiendomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføraren der eiendomen ligg innan fire veker etter at avtalen er inngått eller overtakaren har fått rådevelde over eiendomen. På side 3 skal du gjere greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gitt på spørsmåla i feltta 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggst ved i original eller stadfest avskrift dersom det fins slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseiendom, skal skogbruksplan leggst ved, dersom det fins ein slik plan.

1	Namnet på søkeren (slektsnamn, føre- og mellomnamn)		Fødselsnr. (11 siffr)
	<i>Harflot Ragnar</i>		<i>280456..... -</i>
2	Adresse		Organisasjonsnr. (9 siffer)
	<i>Rotset 6100 Volda</i>		<i>97099 4718</i>
3	Telefonnr. (8 siffer)	E - postadresse	
	<i>95232698</i>	<i>Ragnar.harflot@tussa.com</i>	
4	Namnet til overdragaren		Fødselsnr. (11 siffr)
	<i>Helset Marit</i>		<i>0111451</i>
5	Adresse		Organisasjonsnr. (9 siffer)
	<i>Mylner.11. 6100 Volda</i>		
6	Nemninga på eiendomen/ane eller retten/ane (namn, gnr., bnr., festnr. e.l.)		
	<i>gnr. 30 bnr. nr. 17</i>		
7	Kjøpesum/leigesum pr. år (ved arv eller gave skal ein føra opp påreknade verdi)	Kår av 5-årlig verdi	Kjøpesum for lausøyre
	<i>kr. 250 000</i>		
8	Kommune	Fylke	
	<i>Volda</i>	<i>Møre og Romsdal</i>	
9	Arealstorleik	Korleis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal	
	<i>213 da</i>	<i>114 da. prod. skog 99 da. uproduktiv skog</i>	
10	Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog		
	<i>114 da produktiv skog</i>		

Bygningar som står på eiendomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri o.l.)

Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Andre bebygningar				

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgaveplikter, kan opplysningane du gir i dette skjema i samsvar med lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta og av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan du få ved førespurnad til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.

versjon 1.2 - 25.08.2017

12	Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga <i>jakt og fiskerett - beiterett</i>	
13	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller boma hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i kommunen? I tilfelle kva for eigedomar?
14	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller boma hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i andre kommunar? I tilfelle kva for eigedomar?
15	Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjere greie for drifta av eigedomen) <i>Eigedomen er bestående av skog og er tilstötande til kjøparen sine teigr. Dei har også felles skogsvegsystem</i>	
16	Kva planer har overtakaren for bruken av eigedomen? <i>Styrking av bruket sitt næringsgrunnlegg</i>	
Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)		
17	Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkaren eig før <i>30 br. nr. 1</i>	
18	Kvalifikasjonane til søkaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk) <i>agronom + handelskule + mange kurs og likn. i samband med næringa.</i>	
19	Vil søkaren forplikta seg til å busette seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhangande? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedomen, if konsesjonslova § 5 annet ledd	
20	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følger med i overdraginga? I tilfelle kva eigedomar? (gnr./bnr./fnr. o.l)
21	Er det fleire søkarar, skal det opplystast om søkarane er gifte eller sambuarar	
22. Underskrift		
Dato	Underskrifta til overdragaren	
<i>Volda, 16/11-2017</i>	<i>Marit Helset</i>	
Dato	Underskrifta til søkaren	
<i>Volda 16/11-2017</i>	<i>Ragnar Aarflot</i>	
Desse skal ha melding om avgjerda		
Oversyn over vedlegg til søknaden <i>Kjøpeavtale 17/11-2017</i> <i>Verdivurdering av gr.nr. 50 br.nr 17 m/kart av Eilert Hordem 5/11-2017</i>		
Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no under «Skjema» Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.		

AVTALE

Avtalen gjeld sal av skogteigar gnr.30 bnr.17 i Rotsetmarka Volda, frå Marit Helset (seljar) til Ragnar Aarflot (kjøpar).

Verdivurdering er utført av takstutøvar Eilert Hovden 5/11-2017.


Verdivurderinga er sett til kr **250.000,-** (inkl skog/utmark/rettar).

Kjøpar tek på seg omkostningane i høve salet.


Pengeheftefritt skjøte skal overleverast til kjøpar straks kjøpesummen blir betalt på

kontonr:

Volda 17/11-2017


Ragnar Aarflot
(kjøpar)


Marit Helset
(seljar)



<p>0 200 400 600m</p> <p>Målestokk 1 : 20000 ved A4 utskrift</p> <p>Utskriftsdato: 29.01.2018</p>	<p>Markslag (AR5) 13 klasser</p>		<p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p>																												
<p>GÅRDSKART 1519-30/1</p> <p>Tilknyttede grunneiendommer: 30/1 - 30/21 - 30/8 - 30/233 m.fl.</p>	<p>TEGNFORKLARING</p> <ul style="list-style-type: none"> Fulldyrka jord Overflatedyrka jord Innmarksbeite Skog av særst høg bonitet Skog av høg bonitet Skog av middels bonitet Skog av lav bonitet Uproduktiv skog Myr Åpen jorddekt fastmark Åpen grunnlendt fastmark Bebyggd, samf, vann, bre Ikke klassifisert Sum: 	<p>AREALTALL (DEKAR)</p> <table border="1"> <tr><td>Fulldyrka jord</td><td>73.3</td></tr> <tr><td>Overflatedyrka jord</td><td>0.0</td></tr> <tr><td>Innmarksbeite</td><td>37.6</td></tr> <tr><td>Skog av særst høg bonitet</td><td>77.6</td></tr> <tr><td>Skog av høg bonitet</td><td>1192.1</td></tr> <tr><td>Skog av middels bonitet</td><td>345.0</td></tr> <tr><td>Skog av lav bonitet</td><td>51.2</td></tr> <tr><td>Uproduktiv skog</td><td>267.0</td></tr> <tr><td>Myr</td><td>7.4</td></tr> <tr><td>Åpen jorddekt fastmark</td><td>0.8</td></tr> <tr><td>Åpen grunnlendt fastmark</td><td>57.4</td></tr> <tr><td>Bebyggd, samf, vann, bre</td><td>13.8</td></tr> <tr><td>Ikke klassifisert</td><td>0.0</td></tr> <tr><td>Sum:</td><td>2123.2</td></tr> </table>	Fulldyrka jord	73.3	Overflatedyrka jord	0.0	Innmarksbeite	37.6	Skog av særst høg bonitet	77.6	Skog av høg bonitet	1192.1	Skog av middels bonitet	345.0	Skog av lav bonitet	51.2	Uproduktiv skog	267.0	Myr	7.4	Åpen jorddekt fastmark	0.8	Åpen grunnlendt fastmark	57.4	Bebyggd, samf, vann, bre	13.8	Ikke klassifisert	0.0	Sum:	2123.2	<p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> Arealressursgrenser Eiendomsgrenser
Fulldyrka jord	73.3																														
Overflatedyrka jord	0.0																														
Innmarksbeite	37.6																														
Skog av særst høg bonitet	77.6																														
Skog av høg bonitet	1192.1																														
Skog av middels bonitet	345.0																														
Skog av lav bonitet	51.2																														
Uproduktiv skog	267.0																														
Myr	7.4																														
Åpen jorddekt fastmark	0.8																														
Åpen grunnlendt fastmark	57.4																														
Bebyggd, samf, vann, bre	13.8																														
Ikke klassifisert	0.0																														
Sum:	2123.2																														



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Peder Magnussen	Arkivsak nr.:	2018/217
		Arkivkode:	K40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/18	Forvaltningsutvalet	06.02.2018

STØTTE TIL REGISTRERING AV HØNSEHAUK

Administrasjonen si tilråding:

Viser til søknad frå Faunafokus AS v/Oddvar Olsen om stønad til registrering av hønehauk i Volda kommune. Forvaltningsutvalet løyver i samsvar med saksutgreiinga kr. 3 000 frå kommunalt viltfond.

Vedleggsliste:

Søknad om støtte til registrering av hønehauk i Volda kommune.

Saksopplysningar/fakta:

Faunafokus AS v/Oddvar Olsen har i udatert søknad (sendt til landbrukskontoret 13.01.18) søkt om stønad frå viltfondet til registrering av hønehauk i Volda kommune. Bestanden av hønehauk har gått tilbake i Møre og Romsdal og søkjar kjenner berre til eit hekkande par i Volda. Søkjar skal sjekke status for hønehauk i 10 kjente hekkeområder i løpet av 2018. Dette er ein del av ein større undersøking i 2018 som gjeld fleire kommunar på Sunnmøre. Søkjar har opplyst munnleg at han vil sende faktura når arbeidet er utført og ein rapport over funna.

Vurdering og konklusjon:

Hønehauken er nær trua på raudlista og gått tilbake dei siste tiåra. Ein statusrapport på tidlegere nytta reirområder ser viltforvaltninga i Volda positiv på. I forskrifta om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort heiter det seg at fondet skal nyttast til å blant anna fremme viltforvaltninga og styrke kunnskapen om viltet.

Viltforvaltninga gjer framlegg til forvaltningsstyret om at kr. 3.000,- vert løyvd frå kommunalt viltfond til registrering av hønehauk i Volda kommune.

Ørsta, 23.01.18.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret Ørsta Volda

FAUNAFOKUS AS

Oddvar Olsen
Furnesveien 10
6106 Volda
Tlf 91737070

Til Volda kommune

Søker herved om støtte til registrering av hønehauk i Volda kommune.

Hønehauken har gått tilbake i fylket vårt og pr 2017 kjenner vi til kun eit hekkande par i Volda kommune. Men no er det mange år sidan vi hadde ei god undersøking, og fleire par kan ha skifta reirplass. I 2018 vil vi gå litt meir systematisk til verks for å få eit bilde av tilstanden til hønehauken.

Planen er å sjekka status for hønehauk i 10 hekkeområde kjent frå siste ca 15-20 åra. Arten er normalt tidkrevjande å kartlegga, og det kan vera behov for to sesongar for å få dekt områda skikkeleg. I 2018 er undersøkinga primært retta mot lokalitetetar med tidlegare kjente reirplassar.

Dette er ein del av ei større undersøking som for 2018 gjeld kommunane Volda, Ørsta, Ålesund, Skodje og Stranda her på Sunnmøre. I tillegg skal nokre kommuner på Nordmøre undersøkast.

Det er også søkt om midlar frå Fylkesmannen, men erfaringsmessig strekk ikkje desse midlane til for å få ei god nok undersøking.

Vi søker difor Volda kommune om kr 3000.-.

Same beløp blir også søkt frå Ørsta kommune.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak nr.: 2017/1967

Arkivkode: V02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/18	Forvaltningsutvalet	06.02.2018

FAGRAPPOR T KJERNEOMRÅDE LANDBRUK FOR VOLDA KOMMUNE ETTER HØYRING I GREN DALAGA

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 29.01.2018, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.

Vedleggsliste:

1. Fagrapport – Kjerneområde landbruk for Volda kommune, revidert 29.01.2018
2. Høyringsbrev til faglaga i landbruket, e-post 25.09.2017
3. Vedtak i forvaltningsutvalet, 24.10.2017
4. Høyringsbrev – utsendt til alle grendalag, 30.10.2017
5. Høyringsfråsegn, Gunhild Øksne og Hans Petter Eidseflot, 25.11.2017
6. Høyringsfråsegn, Bjørkedalen grendalag, 27.11.2017

Samandrag av saka:

Landbrukskontoret Ørsta Volda har i samarbeid med m.a. Volda kommune laga fagrapport som syner kjerneområda for landbruket.

Saksopplysningar/fakta:

Siste åra har sentrale myndigheiter forsterka fokuset på jordvern med målsetjing om å redusere omdisponering av jordbruksareal.

I samfunnsdelen til kommuneplan for Volda kommune, har ein definert mål og strategiar for næring. Her har ein m.a. med følgjande målformulering knytt til landbruksnæringa:

- *Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.*
- *Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet.*
- *Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk.*
- *Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel.*
- *Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.*
- *Sikre viktige jord- og skogareal for framtida.*

Eit viktig hjelpemiddel for å nå målsetjingane er at kommunane peikar ut kjerneområde landbruk. Fagrapporten vert då eit underlag og viktig innspel til arealplansaker og kommuneplanarbeid.

Ved å definere kjerneområde landbruk vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap.

Dette er ein fagrapport, og ikkje ein plan med heimel til å verne eller frede areal.

Landbruket må sikrast produksjonsareal. Eit av føremåla med arbeidet er difor å syne areal som er viktig for å sikre ei langsiktig forvaltning av ressursane, vidare å motverke nedbygging av jord, forringing av kulturlandskap og tap av biologiske verdiar.

Areal som ikkje er teke med i rapporten er ikkje fritt fram å omdisponere. Kjerneområda skal synleggjere areal som ein skal ha eit ekstra vaksamt blikk på - ut over det jordvernet som allereie ligg til jordlova. Det må presiserast at areal som ikkje er kjerneområde, og er viktige jordbruksareal, der jordvern etter jordlova gjeld som før.

I utviklinga av rapporten har ein siste året hatt fleire møte med tilsette i Utviklingsavdelinga i Volda kommune, for å få vurdert utvalet av kjerneområde og kriteria for utvala.

Utvalskriterium knytt til areal som er godt egna for matproduksjon:

- Jordsmonnet - alder, struktur og djupn
- Klima – temperatur og nedbør
- Helling – maskinell hausting og driftstilhøve
- Storleik og arrondering – (>100 daa samanhengande) (veg, gjerde, bekk, skog delar ikkje flate når avstanden mellom ulike areal er < 50 m)

Ein har sett krav til at områda må vere samanhengande og ha eit areal som er større enn 100 daa. Med samanhengande forstås ein areal, som ut frå kart synest å vere ei samanhengande flate. Vegar, gjerde, mindre vassdrag, landsskapsdrag med skog og kratt og liknande, deler ikkje opp eit areal som elles heng saman. Dersom avstanden mellom ulike dyrka areal er større enn 50 m, vert desse ikkje rekna som samanhengande. Større vassdrag er som regel deleliner.

Utvalskriterium for verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap:

- Lokalt, regionalt eller nasjonalt spesielle eller sjeldne kulturlandskap
- Kulturlandskap rike på freda kulturminner
- Artsrike slåtteengar/biologisk mangfald
- Kulturlandskap rike på nyare kulturelement (steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser og andre element som fortel ei historie om landbruket)

Utdjuping og forklaring av utvalskriteria:

Ein ser etter områder med heilskaplege landskap som er prega av landbruksdrift, og meir spesifikke kvalitetar som: Historisk interessante driftsformer, verdifullt biologisk mangfald og spesielle kulturmarkar, t.d. seterområder, slåtteengar, naturbeiteområder, fornminner, og særprega tun- og bygningssmiljø.

Verdifulle kulturlandskap vil vere viktig for: Friluftsliv, rekreasjon, undervisning, reiseliv, næringsutvikling basert på matkultur, historie, estetikk og opplevingar.

Kjerneområda skal ha verdiar ”ut over det som er vanleg”.

Utkast til rapporten vart sendt ut på høyring til bondelaga og bonde- og småbrukarlag i Volda kommune. Det kom ikkje inn fråsegner frå desse faglaga.

Rapporten vart vidare lagt fram for forvaltningsutvalet i møte 24.10.2017 der framlegg til vedtak var følgjande:

Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 17.10.2017, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.

I møtet kom politikarane fram til at ein ville ha ei breiare høyring og det vart fremma følgjande alternative framlegg som vart vedteke av utvalet:

«Forvaltningsutvalet ser positivt på at det vert utarbeidd ein fagrapport om kjerneområde for landbruk i Volda kommune. Rapporten er utarbeidd av eit avgrensa fagmiljø og har vore på ei svært avgrensa høyringsrunde, der det ikkje kom inn nokon uttalar. For å sikre størst mogleg tillit til rapporten, ber Forvaltningsutvalet om at rapporten vert sendt ut til dei grunneigarane dette vedkjem, grendautvala samt evt lokale faginstansar for uttale»

Fagrapporten vart med bakgrunn i dette vedtaket sendt ut på ny høyring, no til alle grendalag i kommunen, 15 i alt, den 30. oktober. Grendalaga femner om det aller > > meste av areal og element som er nemnt i rapporten. Høyringsfristen vart sett til 24. november.

Høyringa resulterte i tre fråsegner:

1. Frå Ragnar Høydalsvik, munnleg innspel. Han ønskjer at areala som han driv og har opparbeidd over lang tid indst i Austefjorden vart med som kulturlandskap. Areal er bratte og kjem ikkje inn under viktige produksjonslandskap.
2. Frå Gunnhild Øksne og Hans Peter Eidseflot, dagsett 23.11.17, utdrag: “... I rapporten sin del om landbruket sitt kulturlandskap, er eit sentralt område på eigedomen vår føreslege som eitt av 35 område i Volda. Vi ber med dette om at området vert teke ut i sin heilskap frå planen. Vi viser også til vårt tidlegare innspel til kommuneplanen sin arealdel, der vi ber om at dagens status rundt saga og kverna vert endra til vanleg LNF-område (ikkje kulturminne) ... ». Vidare vert det påvist faktafeil og argumentert for kvifor området bør ut av rapporten.
3. Frå Bjørkedalen grendalag, dagsett 24.11.17: Utdrag/oppsummert frå fråsegna: a) Ein er kritisk til at høyringa ikkje er gått til grunneigarane. b) Beite bør vere med som viktig areal c) Utvalskriteria er for produksjonsareal er for bastante d) Tunområda må haldast utanom anten i kartfigurane eller i tekstdelen e) For kulturlandskap er bruken av skjøn for stor, ein saknar og kulturlandskap med nyare kulturelement. f) For kulturlandskap som er nemnt i rapporten så må desse ikkje få restriksjonar grunna at dei inngår i denne.

Kommentarar:

Det er viktig at vi får slike innspel slik at ein får kontrollert rapporten og innhaldet. For produksjonsareal har ein klare krav som peikar ut areal. Når det gjeld kulturlandskap så vert graden av skjøn mykje større. To av innspela gjeld kulturlandskap.

Areala i Djuvik, Skinvika og Botn er velstelte areal som kvalifiserer for å vere med i rapporten. Dei vert difor tekne inn i rapporten.

Når det gjeld Eidseflot så er kulturelementa i hovudsak bygningar. Som ein har påpeika tidlegare er dette ein rapport og ingen plan. Ein vel likevel å kome grunneigar i møte og ta området ut av rapporten.

Frå Bjørkedalen grendalag har ein fått kritikk for at rapporten ikkje har gått ut til grunneigarane. Grunngeving for at så ikkje har skjedd har å gjere med at dette er ein fagrappport, som omhandlar fakta og ikkje heimlar noko vern ut over det som allereie ligg til jordlova. Rettleiinga frå departementet legg ikkje opp til høyring i det heile, men at rapporten må forankrast politisk. Rapporten si oppgåve er synleggjering av eksisterande verdier. Vi er samde i at beita og er viktige areal, men vegleiaren frå departementet legg opp til at det er den dyrka jorda som inngår i kjerneområda, i tillegg er jordvern knytt til dyrka/dyrkbar jord.

Kjerneområda er reint teknisk avgrensa med ein ytterkant for å digitalisere flater i kart. Det gjer at tunområda ofte inngår i figurane. Det er sjølv sagt berre den dyrka jorda som inngår i kjerneområdet, andre markslag innafor flata beheld sin klassifikasjon.

Rapporten i seg sjølv gjev ingen restriksjonar for kulturlandskap, det ligg eventuelt til andre mynde og lovverk å handsame. Rapporten er ei samlinga av fagdata.

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med fagrappporten har resultert i 36 områder med kjerneområde for jordbruksproduksjon på totalt 7.163 daa. Dette utgjør 62% av dyrkajorda som er i drift, og 49% av dyrkajorda i kommunen når ein og tek med areal som for tida er ute av drift.

34 områder er merka som kjerneområde med viktige kulturlandskap.

Som sagt i rapporten kan ein ikkje ta med alt areal, om rapporten og omgrepet kjerneområde skal ha nokon verdi må det skje eit utval. Då fell nokre areal utanfor. Hovudsakleg er dette areal som ligg litt for seg sjølv - slik at kriteria for storleik ikkje slår inn.

Kommunen vonar at rapporten vil synleggjere areal som er viktige for jordbruket, og at det kan vere eit godt fagleg innspel i arealplanlegginga i kommunen. I samband med planarbeid har ein sakna eit slikt fagleg innspel som kan gi ei betre vurdering av ulike areal. Vonleg kan rapporten bidra til å skape meir langsiktige føresetnader for næringa. Matproduksjon er avhengig av areal. Det er vanskeleg å satse og investere i jordbruket om ein ikkje veit kva areal ein kan basere produksjonen på i komande år.

Praktisk bruk vil no syne om rapporten fungerer i samsvar med formålet. Revidering må vurderast jamnleg.

For at fagrappporten skal ha ei politisk forankring vert den på nytt lagt fram for Forvaltningsutvalet, der framlegget er at utvalet tek rapporten til vitande.

Med helsing

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda



FAGRAPPOR:

KJERNEOMRÅDE LANDBRUK



REGISTRERING OG PRIORITERING AV VIKTIGE PRODUKSJONSAREAL OG KULTURLANDSKAP FOR JORDBRUKET I VOLDA KOMMUNE

Saksnummer i ePhorte:	2017/1967
Teke til vitande i Forvaltningsutvalet i sak x/18:	xx.xx.2018
Sist revidert:	29.01.2018

INNHALD

1. Innleiing
2. Jordbruket i Volda
3. Organisering av arbeidet
4. Metode og gjennomføring
5. Tabell over kjerneområda
6. Samandrag
7. Oversiktskart

1. INNLEIING

Sentrale myndigheiter har forsterka fokuset på jordvern med målsetjing om å redusere omdisponering av jordbruksareal. Siste 10-åra er store areal med dyrka og dyrkbar jord omdisponert til anna bruk. Verdifulle kulturlandskap har vorte mindre verdifulle grunna byggeaktivitet og attgroing. Gjennom m.a. Landbruks- og matdepartementet er det nasjonale forventningar til at regional- og kommunal planlegging har tydelege målsetjingar om å redusere omdisponering av jordressursane og ivaretaking og vedlikehald av kulturlandskap.

I samfunnsdelen til kommuneplan for Volda kommune, har ein definert mål og strategiar. Her har ein m.a. med følgjande mål- og strategiformuleringar knytt til landbruket:

- *Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.*
- *Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet.*
- *Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk.*
- *Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel.*
- *Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.*
- *Sikre viktige jord- og skogareal for framtida.*

Den dyrka marka er grunnlaget for matproduksjonen, og landbruket sitt kulturlandskap er viktig for reiselivet, rekreasjon og trivnad, kulturarv og identitet, og for det biologiske mangfaldet. Landbruks- og matdepartementet ønskjer at kommunane skal ha ei bevisst haldning og langsiktig tenking i bruken av landbruksareala.

Eit viktig hjelpemiddel for å nå målsetjingane er at kommunane peikar ut **kjerneområde landbruk**.

Med å definere **kjerneområde landbruk** vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap.

Kommunen vil gjennom fagrapport kjerneområde landbruk i Volda kommune, peike på areal som er særleg godt eigna for matproduksjon og verdifulle som kulturlandskap.

Formålet er å syne desse viktige areala. Det må presiserast at dette er ein fagrapport, og ingen plan som heimlar vern eller freding av areal. Rapporten legg ikkje band på noko areal og er ikkje juridisk bindande.

Landskapstypar kan vere sjeldne eller særeigne lokalt, og difor verdifulle. Andre landskap kan tvert om synast å vere ordinære lokalt sett, men når ein ser med regionale eller nasjonale auge er landskapet særmerkt. Både desse typar landskap bør fangast opp som kjerneområde.

Landbruket må sikrast areal for å produsere. Eit av føremåla med arbeidet er difor å peike på områder som er særleg viktige for landbruket slik at ein kan ha ei langsiktig forvaltning av ressursane, vidare å motverke nedbygging av jord, forringing av kulturlandskap og tap av biologiske verdier.

Rapporten skal vere eit fagleg underlag i forvaltning og planlegging, m.a. i arealplansaker.

Det at eit område ikkje er merka som kjerneområde er ikkje å forstå slik at det er verdilaust og fritt fram å omdisponere. Når ein no vel ut kjerneområde vil ein synleggjere **areal som ein skal ha eit særleg auge for. Det må presiserast at areal som ikkje er merka som kjerneområde, og er viktige jordbruksareal, der jordvern etter jordlova gjeld som før.**

Ein har ikkje teke stilling til kor lenge rapporten skal gjelde, men det er naturleg å vurdere behovet for revisjon ved utarbeiding av neste planstrategi for Volda kommune.



Spelsau

Foto:
Landbrukskontoret Ørsta Volda

2. JORDBRUKET I VOLDA

Volda er ein typisk sunnmørskommune med mange og hovudsakleg små bruk; totalt om lag 554 landbrukseigedomar med dyrka jord. For tida er det 104 landbruksføretak i drift som søker om produksjonstilskot. Ut frå arealressursstatistikk har kommunen eit samla jordbruksareal på 21.329 daa (herav 13.944 daa fulldyrka, 584 daa overflatedyrka og 6.801 daa innmarksbeite).

Då talet på aktive produsentar er lågt i høve til talet på eigedomar - har vi utstrakt bruk av leigejord. Mange har arealgrunnlaget som drifta er basert på, fordelt på mange ulike eigedomar og der igjen oppdelt i fleire teigar. I høve til landsmålestokken har Volda-jordbruket små jordressursar som gjer at ein er avhengig av jordleige og ein får areal fordelt på mange ulike teigar. Eigedomsstrukturen og omfanget av jordleige gjer at det er store utfordringar knytt til det å drive eit effektivt og rasjonelt jordbruk i kommunen.


I dag er situasjonen den at 100% av jordbruksareala vert nytta til grasproduksjon/grovfôrproduksjon.

Jordbruksarealet som er i drift er på 15.100 daa. Av dette er vel 11.200 daa fulldyrka jord, 300 daa overflatedyrka jord og 3.600 daa innmarksbeite (dvs 71% av totalt jordbruksareal).

Arealressursstatistikken for Volda syner at den dyrka jorda berre utgjer 2,8% og innmarksbeita 1,3% av det totale arealet for kommunen. Jordbruksarealet utgjer ein berre ein liten del av landarealet, og desto viktigare er det å bevare desse areala som produserer livsviktige varer.

Hovudproduksjonane i Volda kommune er basert på grovfôr, med mjølkeproduksjon som den største. Vi har om lag 530 kyr som produserer ikring 3,8 mill. liter mjølk. I tillegg vert det produsert 0,34 mill. liter geitemjølk. Vidare har vi om lag 1.700 vaksne sauer. Kommunen har 2 aktive svineprodusentar. Slakteleveransen frå jordbruket er årleg på 390 tonn.

Landbruksnæringa sysselset om lag 94 årsverk i primærproduksjonen, og omsetnaden i fyrste lekk utgjer 58 mill. kroner.



Mot Folkestad

Foto:
Landbrukskontoret
Ørsta Volda

3. ORGANISERING AV ARBEIDET

Administrativt vert rapporten utarbeidd av tilsette ved landbrukskontoret. Ein har hatt fleire møte med tilsette ved utviklingsavdelinga i Volda kommune for å få innspel og merknader.

Før rapporten går til politisk handsaming var det naturleg å høyre representantar frå faglaga i landbruksnæringa; representantar frå bonde- og småbrukarlaget, og bondelaga i kommunen. Utkast til rapporten vart sendt på høyring til desse. Fagrapporten vart og sendt ut til grendalaga for områda som har grunneigarar med areal som er nemnt i rapporten.

Forvaltningsutvalet vil få rapporten framlagt når arbeidet er ferdig.



Kvennhus Koppen

Foto:
Landbrukskontoret Ørsta Volda

4. METODE OG GJENNOMFØRING

Arbeidet med fagrapporten om kjerneområde landbruk tok til i hausten 2016. Målsetjinga var å ha rapporten klar i løpet av hausten 2017.

Landbruksforvaltninga har drøfta og vurdert ulike kriteria for utval av kjerneområde innan 1) *Areal godt egna for matproduksjon* og 2) *Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap*:

I arbeidet har ein brukt rettleiaren for kjerneområde landbruk frå Landbruks- og matdepartementet. Denne rettleiaren gjev rettleiing for arbeidet med innsamling av data og prioritering av viktige areal for jordbruket.

Ein har nytta tilsvarende plan for Ørsta kommune som mal. Denne vart i si tid utarbeidd ut frå nyttig informasjon frå tilsvarende arbeid i nabokommunane Sykkylven og Stranda. Desse kommunane har same topografi og landskap som Volda og det har vore naturleg å samanlikne seg med desse andre sunnmørskommunane.

Metode og gjennomføring av utval:

1) Areal godt egna for matproduksjon:

Fokus skal her vere på areal som kan nyttast til matproduksjon. Her vil t.d. faktorar som jordsmonnet, klima, terreng, arrondering og storleik telle med når ein skal sei noko om arealet er egna for aktuell vekst og drift. Som tidlegare sagt er brorparten av areala no i bruk som eng til grovfôrproduksjon. Samstundes veit vi at ein del areal har dei kvalitetane som trengs om matkornproduksjon eller åkerbruk skulle verte aktuelt i framtida.

Volda er ein landkommune der klima er variert, med eit typisk fjordlandskap. Snøforholda kan variere mykje mellom bruka ved sjøen og bruka lenger oppe i dalane. Dei høge fjella og djupe fjordane gjer at ein både har lune bygder, medan andre stadar kan sola vere borte store delar av året. Variasjonen gjer at ein på dei varmest stadane normalt kan starte 1. slått i fyrste del av juni medan seine stader må vente 3-4 veker lenger. Volda har og hatt fleire fôrdyrkingslag som har dyrka opp jord i høgreliggjande setredalar. Her kan ein ofte berre rekne med 1 slått for året.

Generelt kan vi seie at jorda med høgst kvalitet som regel er lokalisert til flatene/dalbotnane nedst mot fjordane. Det var her dei fyrste jordbrukarane slo seg ned. Dette er dei mange fornminna indikasjon på. Matjordlaget vert bygd opp over lang tid. I desse fyrste områda har jordsmonnet hatt høve til å opparbeidd seg høg kvalitet som matjord.

Utvalskriterium:

- Jordsmonnet - alder, struktur og djupn
- Klima – temperatur og nedbør
- Helling – maskinell hausting og driftstilhøve
- Storleik og arrondering (>100 daa samanhengande) (veg, gjerde, bekk, skog delar ikkje flate når avstanden mellom ulike areal er < 50 m)

Utdjuping og forklaring av utvalskriteria:

Områda bestå av fulldyrka areala som er godt egna til grovfôrproduksjon/jordbruksdrift. Fulldyrka jord er jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløvedjupn, og kan nyttast til åkervekstar eller eng, og som kan fornyast ved å pløye.

I utveljing av kjerneområda har ein sett krav til at kjerneområda må vere > 100 daa. Områda må vere mest mogleg samanhengande ut frå markslagsbasen AR5 og ortofoto.

Ein tillet vegar, gjerde, mindre vassdrag, skog og kratt, og gardstun/landbruksbygningar inne i flata. Desse elementa splitter ikkje flata så lenge køyreavstanden mellom dei dyrka areala er < 50 m. Høgdeskilnader/reinekantar, større vassdrag utan bru, busetnad av eit visst omfang og andre "større" element som krev lengre omkøyning - deler flater, sjølv om ein i luftline har kort avstand mellom dyrka areal. Når avstanden/køyreavstanden mellom dyrka areal vert > 50 m, har ein ikkje ei samanhengande flate. Kjenneteiknet på eit kjerneområde er at det kan driftast meir rasjonelt og effektivt enn andre areal.

Dersom all dyrka jord vart markert som kjerneområde var hensikta borte. Kriteria ved utval av kjerneområde må vere slik at ikkje alt areal kjem med. Dette resulterer i at verdifulle jordbruksareal som t.d. flatene på Helset som ligg ved Bjørkedalsvatnet ikkje er med. Flata er her < 100 daa og den ligg nært kjerneområde, men avstanden er for lang grunna mellomliggjande tunareal. Status for tun og bygningar mv er uendra av rapporten, sjølv om dei ligg innanfor yttergrensene.

Viktige jordbruksareal er funne og avgrensa ved bruk av kartdata. Markslagbasen AR5 som inneheld opplysningar om kva markslag som ligg føre og ortofoto er viktige datagrunnlag for arbeidet. Dei stadene det er utført jordsmonnkartlegging så vil denne gi informasjon om kvalitet på jordsmonn desse stadene.

Definisjonen ovanfor inneheld noko skjønn. Vi trur likevel at ein slik kan kome fram til ei objektiv utveljing av kjerneområde. Reint teknisk redigitaliserer ein AR5-flatene ved å samle og samanføye desse slik retningslinene ovanfor beskriv.



Frå Flatdalsætra

Foto:
Berit Sandvik Skeide

2) Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap

For kategorien kulturlandskap kan det vere vanskeleg å setje objektive kriterium. Med kulturlandskap meiner vi her landskap som landbruksaktivitet over tid har skapt. Tidsramma kan vere høgst ulik, der nokre landskap har lang historie, medan andre områder er av nyare dato.

Vårt mandat har vore å peike på større og mindre områder i kommunen som vi meiner er viktige slik at dei som skal forvalte områda tek særleg omsyn. For dei mindre områda kan det vere eitt eller fleire element som har vore avgjerande. For større samanhengande områder er det ofte heilskapen og kombinasjonen av fleire element som har vore avgjerande. Slike landskap vil ofte fortelje ei historie frå landbruksdrifta på staden.

Utvalskriterium:

- Lokalt, regionalt eller nasjonalt spesielle eller sjeldne kulturlandskap
- Kulturlandskap rike på freda kulturminner
- Artsrike slåttengar/biologisk mangfald
- Kulturlandskap rike på nyare kulturelement (steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser og andre element som fortel ei historie om landbruket og arbeidet med å etablere jordbruksareal)

Utdjuping og forklaring av utvalskriteria:

Eit kulturlandskap sin verdi avheng mellom anna av kven det har verdi for, og kva kriterium ein tek utgangspunkt i. Ein ser etter områder med heilskaplege landskap som er prega av landbruksdrift, og meir spesifikke kvalitetar som: Historisk interessante driftsformer, verdifullt biologisk mangfald og spesielle kulturmarkar, t.d. seterområder, slåttengar, naturbeiteområder, fornminner, og særprega tun- og bygningsmiljø.

Verdifulle kulturlandskap vil vere viktig for: Friluftsliv, rekreasjon, undervisning, reiseliv, næringsutvikling basert på matkultur, historie, estetikk og opplevingar.

Kjerneområda skal ha verdier "ut over det som er vanleg".

Til å finne viktige kulturlandskap har ein nytta kartdata og lokalkunnskap. Her har ein henta informasjon frå ulike kjelder som Askeladden (freda kulturminne), Direktoratet for naturforvaltning (nasjonalt og regionalt viktige kulturlandskap), Naturbasen (slåttemark), Setrerapporten, NIBIO (Kilden), m.fl.



Veg i kulturlandskap

Foto:
Landbrukskontoret
Ørsta Volda

5. TABELL OVER KJERNEOMRÅDA




1) AREAL GODT EGNA FOR JORDBRUKSPRODUKSJON – MARKERT MED GRØN LIGGJANDE SKRAVUR




Nr	Gardsnamn Gnr	Storleik-flater - kvalitetar - fakta	Utfyllande informasjon – avgrensing	Kartutsnitt
1	Eidem, Berkvika Gnr 5, 6	139 daa fordelt på 10 flater Frå 110 – 215 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Gjeld areal oppe på eidet mellom Bjerkvik og Sørheim. Noko er bratt. Jord frå 5 eigedomar.	
2	Eikrem, Håskjold Gnr 7, 8, 9, 10	191 daa fordelt på 6 flater Ei større flate, mange små flater. Frå 90 – 235 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Gjeld areal I dalen. Noko er våtlendt i dalsøkket. Jord frå 10 eigedomar.	
3	Mork, Ekset, Liaskar Gnr 11, 12, 13, 14	1.007 daa fordelt på 26 flater Frå 5 – 145 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, marin strandavsetning	Mange store samanhengande areal. Lang vekstsesong. Særs høg kvalitet på jorda. Strekker seg frå fjorden og opp til grensa mot Ørsta kommune.	




4	Rotset Gnr 30	140 daa fordelt på 7 flater Frå 20 – 75 m.o.h. Jordsmonn: Marin strandavsetning, breevavsetning	Sentrumsnært, samla areal.	
5	Rotevatn Gnr 27	To areal delt av Rotevasselva: 134 daa fordelt på 8 flater og 155 daa fordelt på 11 flater. Teigdelt Frå 55 – 130 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, marin strandavsetning, elveavsetning	Sentrumsnært, nær tettbygdareal. Sør for fylkesvegen. Noko oppdelt.	
7	Fremmerlida Gnr 23	143 daa fordelt på 3 flater To større flater Frå 205 – 250 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, myrjord		

8	Homberset, Vasstein Gnr 32, 33	188 daa fordelt på 10 flater Frå 0 – 60 m.o.h. Jordsmonn: Marin strandavsetning		
9	Hjorthaug Gnr 38	119 daa fordelt på 5 flater Frå 0 – 65 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord		
10	Hjellbakkane, Nes, Langvatn Gnr 50, 51, 52	420 daa fordelt på 13 flater Frå 20 – 70 m.o.h. Jordsmonn: Hav og fjordavsetning	Fint jordbruksareal, fleire større flater. Område delt av E 39	




11	Nøre Kalvatn Gnr 56	113 daa fordelt på 6 flater Frå 70 – 90 m.o.h. Jordsmonn: Elveavsetning	Flatt til svakt hellende areal. Oppdelt av elvar.	
12	Søre Kalvatn Gnr 59	188 daa fordelt på 14 flater Frå 70 – 125 m.o.h Jordsmonn: Breelavsetning, morene og skremateriale	Flatt til svakt hellende areal	
13	Grøndalen Gnr 59	150 daa fordelt på 4 flater Frå 425 – 465 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, elveavsetning, mindre myrparti	Svakt hellende areal. Fôrdyrkingslag Normalt ei avling.	




14	Gjersdalen Gnr 62	110 daa fordelt på 8 flater Frå 20 – 50 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Dårleg arrondering.	
15	Engjaberg, Høybakk, Sundal Gnr 63, 64, 65	151 daa fordelt på 1 flate Frå 30 – 60 m.o.h. Jordsmonn: Breelvavsetning	Større samanhengande areal.	
16	Skinnavikdalen	112 daa fordelt på 4 flater Frå 345 – 415 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, breelvavsetning	Hellande areal. Fordyrkingslag Høgare liggjande område, men haustar to avlingar.	




17	Håvika Gnr 77	167 daa fordelt på 8 flater Frå 15 – 180 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Brattlendt	
18	Høydalsdalen Gnr 81	112 daa fordelt på 3 flater Frå 60 – 120 m.o.h. Jordsmonn: Elveavsetning, skremateriale	Større flate mot elva. Svakt hellande	
19	Nøre Bjørkedal Gnr 91	174 daa fordelt på 15 flater Blanding av små og mellomstore flater. Frå 26 – 85 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord og brelvavsetning.	Svakt hellande til bratt areal.	



20	Helset og Løset Gnr 92 og 93	110 daa fordelt på 4 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 26 - 40 m.o.h. Jordsmonn: Elv og breelvvavsetning	Flater på b�e sidene av Stigedalselva med god bru mellom, som knyt saman. (Resten av jorda p� Helset f�r for lang avstand jmf kriterie ein har sett, men er av h�g kvalitet).	
21	S�re Bj�rkedal Gnr 95	126 daa fordelt p� 6 flater Flere st�rre flater Fr� 26 - 100 m.o.h. Jordsmonn: Elv og breelvvavsetning	Det meste av arealet er svakt hellande. Delt i syd for Laurdalselva	
22	S�re Bj�rkedal Gnr 95	187 daa fordelt p� 10 flater Flere st�rre flater Fr� 26 - 75 m.o.h. Jordsmonn: Elv og breelvvavsetning	Mykje av arealet er svakt hellande og lettdrive. Nord for Laurdalselva	

23	Flotane, Nedste Flotane, Indre Folkestad Gnr 103, 104, 106	249 daa fordelt på 8 flater Fleire store flater Frå 100 - 310 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Svakt hellande til bratt areal. God arrondering. 1	
24	Holen/Indre Folkestad Gnr 105, 106	109 daa fordelt på 8 flater Ei stor flate, resten mindre flater Frå 50 - 140 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord.	Svakt hellande areal.	
25	Flotane, Nedste Flotane, Holen Indre Folkestad Gnr 103, 104, 105, 106	167 daa fordelt på 3 flater Stort areal, delt av driftsveg. Frå 270 - 345 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord og forvittringsmateriale	Svakt hellande areal i Folkestaddalen.	







26	Ytre Folkestad, Reitane, Brenne Kongsvollen, Åsebøen, Bjørnanakken Gnr 107, 108, 109, 110, 111	273 daa fordelt på 22 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 40 - 175 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, elv og breelvvavsetning.	Svakt hellande areal.	
27	Ytre Folkestad Kongsvollen Gnr 107, 110	171 daa fordelt på 4 flater Ei stor og ei mindre flate. Frå 310 - 430 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, mindre areal m/forvitningsmateriale.	Svakt hellande areal i Folkestaddalen. Høgreliggjande. Mykje dyrkbar jord i området.	
28	Hjellane, Brunene Gnr 127, 128	272 daa fordelt på 17 flater Fleire større og mindre flater. Frå 140 - 300 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, myr	Svakt hellande areal. Mykje dyrkbar jord i dalen her.	







29	Steinsvika Gnr 131	151 daa fordelt på 5 flater Fleire større flater. Frå 0 - 60 m.o.h. Jordsmonn: Elveavsetning.	Flatt og lettdrive	
30	Lisjebøen, Reitane,Indre Dravlaus Gnr 144, 145, 146	208 daa fordelt på 15 flater Variert storleik på flatene Frå 0 - 55 m.o.h. Jordsmonn: Breeelv- og elveavsetning.	Hellande areal. Noko oppdelt.	
31	Sætre Gnr 152	170 daa fordelt på 7 flater Større samanhengande areal rundt tunet. Frå 0 - 65 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, elveavsetning	Hellande areal. Solvendt og tidleg.	







32	Nakken Gnr 156	182 daa fordelt på 7 flater Ei stor og fleire mindre flater. Frå 110 - 165 m.o.h. Jordsmonn: Ikkje spesifisert.	Nokre myrlendte parti.	
33	Løndalen, Nakken, Lauvstad Gnr 155, 156, 157	163 daa fordelt på 8 flater To større flater Frå 120 - 185 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord		
34	Haugen, Espenakken, Ulvestad Gnr 158, 159, 160	239 daa fordelt på 17 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 60 - 220 m.o. h. Jordsmonn: Morenejord.	Noko er bratt elles bra solvendt.	







35	Ulvestad, Torvika Gnr 160, 161	308 daa fordelt på 20 flater Flere større flater Frå 0 - 105 m.o.h. Jordsmonn: Marin strandavsetning, breelavsetning. Morene.	Viktig produksjonsareal.	
36	Velsvika Gnr 167	138 daa fordelt på 11 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 0 - 45 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord og marin strandavsetning.		







2) VERDIFULLE OMRÅDER FOR LANDBRUKETS KULTURLANDSKAP - MARKERT MED BLÅ STÅANDE SKRAVUR

Nr	Stad	Kvalitetar	Foto	Kartutsnitt
1	Yksnøya Gnr 1	Fjordnært kulturlandskap. Naturtype: strandeng på Yksnøya nordvest (svært viktig). Vitnar om fiskarbonden – kombinasjon fiske og småbruk. Steingardar.	 Foto: Øystein Venås Sørensen (HiVolda)	
2	Kleppedalen/ Nordalen Gnr 17	Er med då miljødirektoratet har registrert naturtype: Naturbeitemark – svært viktig, bjørkehage. Til tross for sterk attgroin som forringar lokaliteten vert verdien sett til svært viktig grunna raudlisteartar. Sørvendt, lun og varm med mosaikk	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
3	Tømmerbakken Gnr 23	Kulturpåverka jordbrukslandskap Er med her då miljødirektoratet hra registrert naturtype: viktig slåttemark, Naturbeitemark Tilnærma intakt slåtteeng. Har skjøtselsplan.	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	







4	Nedrelid, Hoggen Gnr 25 og 26	Særmerka med ei rekkje store markante steingardar, rydningsrøyser	 <p>Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	
5	Homberset Gnr 32	Kulturpåverka jordbrukslandskap, beitemark - geitebeite. Miljødirektoratet har registrert naturtype: Svært viktig hagemark	 <p>Skjermdump Google Street View</p>	
6	Furneset Gnr 34	Fjordnært kulturlandskap, fyrlykt - dyrka jord	 <p>Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	







7	Hjartå (Hjorthaug) Gnr 38	Riksantikvaren, gravrøyser i tunteigane	 <p>Skjermdump Google Street View</p>	
8	Ullalandsetra Gnr 39	Kulturpåverka setreområde Miljødirektoratet har registrering for naturtype: naturbeitemark	 <p>Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	
9	Skjeret og Selvika Gnr 40 og 41	Fjordnært kulturlandskap Miljødirektoratet har registrering for Naturtype: naturbeitemark. Skjeret ligg solvendt og varmt, bratt terreng. Frukttre og rydningsrøyser.	 <p>Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	







10	Årsetøya	Fjordnært kulturlandskap Rikhald av bygningar for jordbruk, fiske, mv. Årsetøysamlingane.	 <p>Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	
11	Kvivsdalssetra	Kulturpåverka setreområde Godt bevart seter med sel på rekkje. Siste setra som har hatt drift i Volda	 <p>Foto: Berit Sandvik Skeide</p>	
12	Osdalen Gnr 58	Eit av få klyngetun i Volda (grunna rasfaren) og beitemark. Markering for å syne samling av tun. Markeringa vil ikkje hindre utvikling eller nye bygningar, det vil tvert om forsterke klynga. Naturtype registrert av miljødirektoratet: naturbeitemark Stort område på austsida som er tydeleg prega av beiting med geit og sau.	 <p>Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	






13	Osdalsetra Gnr 58	Kulturpåverka setreområde Teke med då miljødirektoratet har registrert naturtype: naturbeitemark. Intakt beitemark med typisk flora. Fleire sel, løde, lett overflatedyrka med noko stein.	 <p>Fjøs Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	
14	Djuvik, Skinvik, Botnen Gnr 71 - 73	<p>Brattlendt jordbrukslandskap i bruk til slått og beite. Halde ved like gjennom aktiv rydding, slått og beiting.</p> <p>Fjordnært og synleg frå veg og fjord.</p> <p>I Skinvika har ein fleire gravrøyser i tilknytning til dyrkajorda.</p> <p>Delt i to flater med grustak/ grusførekomst mellom.</p>	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
15	Botnasetra og Skinvikstøylen Gnr 70 - 73	Kulturpåverka setreområde Godt bevart støyl	 <p>Botnasætra Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	





16	Brundalstøylen (Innstøylen) Gnr 89	Kulturpåverka setreområde Godt bevart støy	Foto kjem	
17	Fladalsetra (Bjørkedalen) Gnr 91, 92	Kulturpåverka setreområde Ei av dei eldste setrane i Volda kommune, i alle høve frå før 1500 talet.	<p data-bbox="891 778 1137 799">Foto: Berit Sandvik Skeide</p>	
19	Laurdalsetra Gnr 95	Kulturpåverka setreområde	<p data-bbox="891 1137 1137 1158">Foto: Berit Sandvik Skeide</p>	

20	Kile Gnr 96	<p>Kulturprega jordbrukslandskap Sauebeite. På Øvre Kile har miljødirektoratet ei registrering av naturbeitemark (lokalt vitig). Lokaliteten er relativt arksrik med innslag av naturengplangar og beitemarksopp.</p>	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
21	Mjeltevika 96/6 og 96/12	<p>Slåttemark Naturtype: Slåttemarkar, med frisk fattigeng (lokalt viktig) Eit lite gardsbruk med restar av artsrik slåtteeingar. Fleire typiske naturengplantar førekjem ganske vanleg. Lokaliteten er i hevd og har god slåttemarkstruktur, og i alle fall delar av han har eit fint arts- mangfald. Lokaliteten vitnar godt om korleis norsk småskalalandbruk blei driven for ein del tiår sidan, sjølv om det heilskaplege jordbruks- landskapet er i ferd med å tapa seg</p>	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
22	Bøen/Rønstad, Folkestad 116/4 og 116/5	<p>Slåttemark, eldre bygningsmiljø Naturtype: Slåttemark, frisk fattigeng (viktig) Arealet kan seiast å vere ein del av eit heilskapleg landskap, med gamle bygninar, steinutgardar, rydningsrøyser og steinmurar. Rønstadbakkane har godt bevart gardstun.</p>	 <p>Kulturbakkane Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda</p>	

23	Løndalen, Folkestad Gnr 115	Slåttemark Naturtype: Slåttemark, frisk fattigeng (viktig). Lokaliteten har ein storleik og ei plassering i landskapet slik at landskapet vert prega av denne.	 <p>Foto: Finn Oldervik, Bioreg AS</p>	
24	Nautvika Gnr 118 og 119	Fjordnært kulturlandskap	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
25	Rossetvik Gnr 120	Fjordnært kulturlandskap	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	

26	Dalberg Gnr 121	Fjordnært kulturlandskap	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
27	Fjøsneset og Litleneset Gnr 129	Fjordnært kulturlandskap	 <p>Skjermdump: Google maps 3D</p>	
28	Dansen	Kulturpåverka setreområde. Sel samla på høgde.	 <p>Foto: Berit Sandvik Skeide</p>	

29	Åmelfoten Gnr 136	Beitemark Naturtype av Miljødirektoratet: naturbeitemark (lokalt viktig). Beitemark med god kontinuitet, relativt artsrik på beitemarksoppar som representerer denne naturtypen.	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
30	Mårstøylen Gnr 137	Fjordnært kulturlandskap Bakkemurar	 <p>Skjermdump: Google Street View</p>	
31	Korsfurtunet	Gardstun. Korsfurtunet er eit verna lite gardsbruk frå kring 1860-70 talet. Det særmerkte med tunet er at på same golv finn ein både stove, låve og fjøs.	Foto kjem	

32	Dravlauslida Gnr 147	Mindre bruk, som fortel ei historie Miljødirektoratet har registrering av naturtype beiteskog (lokalt viktig) Gjeld skogsbeiteområda.		
33	Ytre Dravlaus Gnr 149 Vest for kyrkja	Gravrøyser i jordbruksområde. Riksantikvaren.	 <p data-bbox="898 783 1200 807">Skjermdump: Google Street View</p>	
34	Sætre (Timberhaugen) Gnr 152	Kulturpåverka område registrert av miljødirektoratet; Naturtype: Beiteskog (lokalt viktig) Lokaliteten er mest interessant for å studere innvandring av beitemarksopp.		

35	Sætreåsen og Grøtholen Gnr 153 og 153	Kulturpåverka jordbrukslandskap Miljødirektoratet har registrering av naturbeitemark på Grøtholen Brattlendt kulturmark, stadvis med naturbeitemark som ligg i ei austvendt li.	 A topographic map showing a hatched area representing a cultural landscape. The map includes contour lines, a scale bar for 500 meters, and labels for 'Sætreåsen' and 'Grøtholen'. A specific area is marked with the number '35'.
----	--	---	--

6.SAMANDRAG

Arbeidet har resultert i 36 områder med kjerneområde for jordbruksproduksjon på totalt 7.163 daa. Dette utgjør 62 % av dyrkajorda som er i drift, og 49 % av dyrkajorda i kommunen når ein og tek med areal som for tida er ute av drift.

34 områder er merka som kjerneområde med viktige kulturlandskap.

Rapporten fortel at dei jordbruksareala vi har i kommunen er viktige for næringa, og avgjerande for langsiktig framtidig drift.

Som sagt har ein ikkje høve til å ta inn alt areal i rapporten. Om rapporten og omgrepet kjerneområde skal ha nokon verdi må det skje eit utval. Då fell nokre areal utanfor. Hovudsakleg er dette areal som litt for seg sjølv - slik at kriteria knytt til storleik ikkje slår inn.

Ein må og gjere merksam på at ein her ikkje har teke med dei viktige områda som alle innmarksbeita og all utmarksbeita utgjør. Volda har over 6.800 daa med innmarksbeiter som er avgjerande for husdyrhaldet.

Ein annan viktig arealressurs som ikkje er med i rapporten er dyrkbar jord. Dette er ressursar som det og er viktig å hegne om for framtidig matproduksjon.

Kommunen har målsetjing om at karta over kjerneområda skal vere tilgjengelege for ålmenta i digitale kart. Ein ser føre seg at områda med tida kan leggjast inn i t.d. Kommunekart eller Planinnsyn.

Kommunen vonar at rapporten kan synleggjere areal som er viktige for jordbruket, og at det kan vere eit godt fagleg innspel i arealplanlegginga i kommunen. Volda har tidlegare mangla ein slik rapport som fortel kva areala har å seie for landbruksnæringa. Vonleg kan rapporten bidra til å skape meir langsiktige føresetnader for næringa. Matproduksjon er avhengig av areal. Det er vanskeleg å satse og investere i jordbruket om ein ikkje veit kva areal ein kan basere produksjonen på i åra som kjem.


Praktisk bruk vil no syne om rapporten fungerer i samsvar med formålet. Ein er budd på at ny revisjon kan verte naudsynt om nokre år.


Volda, 29.01.2018


7.OVERSIKTSKART

Oversynskart over kjerneområda i Volda kommune sidene 32 – 34.

Viktige produksjonsareal med **grøn skravur** og viktige kulturlandskap som har sitt grunnlag i jordbruksdrift med **blå skravur**.







Børild Skåra

Fra: Børild Skåra
Sendt: måndag 25. september 2017 14:19
Til: 'erlenkop@tussa.com'; 'hege.slaattelid@hotmail.no';
'johningen@gmail.com'
Kopi: Regine Solberg Aklestad
Emne: Høyring: Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune
Vedlegg: fagrapport_kjerneomr_Volda.docx.pdf

Til:
Volda og Dalsfjord Bondelag v/Erlend Koppen
Austefjord og Bjørke Bondelag v/Hege Slåttelid
Volda/Ørsta Bonde og Småbrukarlag v/John Inge Bjøringsøy
Volda kommune, Utviklingsavdelinga v/Regine Solberg Aklestad

Vi sender med dette ut på høyring eit utkast til fagrapport kjerneområde landbruk.

I samband med at det vert arbeidd med ny kommuneplan for Volda kommune er landbruksforvaltninga oppmoda om å lage ein fagrapport som syner kjerneområde for landbruk i kommunen. Rapporten vert laga etter same lest som tilsvarande rapport for Ørsta kommune.

Med å definere **kjerneområde landbruk** vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. Kommunen vil gjennom fagrapport kjerneområde landbruk i Volda kommune, peike på areal som er særleg godt eigna for matproduksjon og verdifulle som kulturlandskap.

Areal som er særleg godt egna for matproduksjon:
Her er det plukka ut 36 område. Kriteria for utvalet vert forklart på side 5 i rapporten.

Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap:
Her er det sett opp 35 område. Kriteria står på side 6.

Har vi valt rett?
Her treng vi hjelp frå dykk. Har de meiningar om områda som er med i rapporten. Er det område som skal ut, eller er det andre område som de tvert om saknar og vil ha inn? Meld frå om de har merknader til teksten eller anna.

Rapporten er langt frå ferdig ennå. Vi vil mellom anna redigere kartutsnitta slik at dei vert meir lesbare og prøve å få inn bilete frå dei fleste områda.

HØYRINGSFRISTEN VERT SETT TIL 9. OKTOBER!

Send eventuelle innspel til underteikna.

Målsetjinga er at rapporten skal ferdigstillast i midten av oktober og kome opp som sak i forvaltningsutvalet 24. oktober

Helsing

Børild Skåra
Rådgjever
Landbrukskontoret Ørsta Volda



ØRSTA KOMMUNE

Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/1967	13641/2017	V02	UTV/ JORVES	26.10.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - FAGRAPPORT KJERNEOMRÅDE
LANDBRUK FOR VOLDA KOMMUNE**

Vi melder med dette frå at forvaltningsutvalet den 24.10.17, hadde føre ovannemnde som sak 74/17 der det vart gjort slikt vedtak:

Forvaltningsutvalet ser positivt på at det vert utarbeidd ein fagrappport om kjerneområde for landbruk i Volda kommune. Rapporten er utarbeidd av eit avgrensa fagmiljø og har vore på ei svært avgrensa høyringsrunde, der det ikkje kom inn nokon uttalar. For å sikre størst mogleg tillit til rapporten, ber Forvaltningsutvalet om at rapporten vert send ut til dei grunneigarane dette vedkjem, grendautvala samt evt lokale faginstansar for uttale.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 17.10.2017, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.

Handsaming:

Gildskap:

Hans Peter Eidseflot reiste spørsmål om gildskap då han ei medeigar på ei tomt omtalt i rapporten, jamfør fvl. §6, 1. ledd.

Han tok ikkje del under handsaminga og røystinga over spørsmålet om gildskap.

Forvaltningsutvalet (8 røysteføre) fann Hans Peter Eidseflot samrøystes gild.

Hans Peter Eidseflot kom med følgjande framlegg:

Forvaltningsutvalet ser positivt på at det vert utarbeidd ein fagrapport om kjerneområde for landbruk i Volda kommune. Rapporten er utarbeidd av eit avgrensa fagmiljø og har vore på ei svært avgrensa høyringsrunde, der det ikkje kom inn nokon uttalar. For å sikre størst mogleg tillit til rapporten, ber Forvaltningsutvalet om at rapporten vert send ut til dei grunneigarane dette vedkjem, grendautvala samt evt lokale faginstansar for uttale.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og Hans Peter Eidseflot sitt framlegg.

Hans Peter Eidseflot sitt framlegg vart samrøystes vedteken

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 24.10.2017:

Forvaltningsutvalet ser positivt på at det vert utarbeidd ein fagrapport om kjerneområde for landbruk i Volda kommune. Rapporten er utarbeidd av eit avgrensa fagmiljø og har vore på ei svært avgrensa høyringsrunde, der det ikkje kom inn nokon uttalar. For å sikre størst mogleg tillit til rapporten, ber Forvaltningsutvalet om at rapporten vert send ut til dei grunneigarane dette vedkjem, grendautvala samt evt lokale faginstansar for uttale.



Grendautval i Volda kommune

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2017/2172	14117/2017	L19	SKAARA	30.10.2017

HØYRING: FAGRAPPORT KJERNEOMRÅDE LANDBRUK FOR VOLDA KOMMUNE

Vi sender med dette ut fagrapporten kjerneområde landbruk for Volda kommune på høyring. Rapporten er tidlegare sendt ut til faglaga i jordbruket. No vert den sendt ut til grendalaga.

I samband med arbeidet med ny kommuneplan for Volda kommune har landbrukskontoret fått i oppdrag å utarbeide ein rapport som syner kjerneområda til landbruket i kommunen. Det er tidlegare laga ein tilsvarande rapport for Ørsta kommune.

Rapporten kjerneområde landbruk skal synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. Gjennom rapporten prøver ein å peike på areal som er særleg godt egna for matproduksjon og område som er verdifulle kulturlandskap.

I rapporten er 36 områder markert som særleg godt egna for matproduksjon (Kriteria for utplukka står på side 5). 35 områder er markert for at dei har viktige kulturlandskap (Kriteria står på side 6).

I høyringa ber vi dykk sjå over rapporten. Har vi teke med areal/område/element som ikkje høyrer med mellom kjerneområda, eller er det tilsvarande areal/område/element som de saknar og hadde venta var med? Meld frå om de finn faktafeil eller har opplysningar som bør vere med.

Høyringsfristen vert sett til 24. november.

Send svar til Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6154 Ørsta eller på e-post til postmottak@orsta.kommune.no Merk ei eventuelle fråsegn med **sak 2017/2172**.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
Rådgjevar

Vedlegg: Fagrapport kjerneområde landbruk – Volda kommune
Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Gunhild Øksne og Hans Peter Eidseflot
Stigedalsvegen 1700
6120 Folkestad

Volda kommune v/ Landbrukskontoret

Bjørkedalen, 23.11.2017

KJERNEOMRÅDE FOR LANDBRUK – UTTALE TIL FAGRAPPORT

Vi viser til den utarbeidde fagrapporten for kjerneområde for landbruk. Den er no ute på høyring og som eigarar av ein av dei berørte eigedomane, ynskjer vi å gje ein uttale.

I rapporten sin del om landbruket sitt kulturlandskap, er eit sentralt område på eigedomene vår føreslege som eitt av 35 område i Volda. Vi ber med dette om at området vert teke ut i sin heilskap frå planen. Vi viser også til vårt tidlegare innspel til kommuneplanen sin arealdel, der vi ber om at dagens status rundt saga og kverna vert endra til vanleg LNF-område (ikkje kulturminne).

Vi er ikkje kjende med at framlegget er basert på synfaring i området eller på kontakt med eigar, brukar eller grendalag. Vi ser at her er faktafeil og tilfeldige avgrensingar i planen, og vi ønsker som eigarar å bidra til rette fakta:

- Arealet inneheld få eller ingen element som stettar utvalskriteria, jf pkt 2. Her er t.d. ingen freda kulturminne eller biologisk mangfald utover det vanlege. Kulturlandskapet er prega av vanleg moderne landbruksdrift og tunområdet har ny gardsveg.
- Saga er ikkje ei oppgangssag, men ei sirkelsag
- Det er ikkje rett at der er fosseeng i det avmerka området langs elva. Den registrerte lokaliteten gjeld små areal oppe i skogsmarka ved hovudfallet i fossen; utanfor det avgrensa området.
- Fosseeng har ikkje noko med kulturlandskap å gjere; det er ein naturskapt vegetasjonstype – den er ikkje menneskeskapt. Det er difor feil å ta det inn som ei utvalsårsak.
- Innanfor det avgrensa arealet har NVE gitt konsesjon til bygging av kraftverk. Dette vil påverke deler av det avgrensa arealet, både gjennom rørgarte, stasjonsområde og tilkomstveg.
- Tunområdet består av fire hus, der eitt er gammalt og i original stand. Alle dei andre er flytta / ombygde eller nyare hus.

Vi er dessverre uroa for at denne typen registreringar vil føre til bruksbegrensingar og hinder for utvikling, heller enn hjelp til å ta vare på og utvikle hus og område for framtida. Vi har mest tru på å drive bærekraftig, det vil seie å ta vare på husa og kulturlandskapet gjennom aktiv bruk. Det vil vi fortsette med.

Ta gjerne kontakt for ytterlegare informasjon.

Med helsing

Gunhild Øksne og Hans Peter Eidseflot

Tlf 90 85 36 34, eidseflo@online.no

BJØRKEDAL GRENDALAG

Organisasjonsnr.: 917 824 525
Bankkonto: 3992 06 31065
E-post: bj.grlag@gmail.com

Sakshandsamar: Direkte telefon:
Lars Kåre Kile 90823466

Dykkar referanse: Dato:
Saksnr.: 2017/2172 24.11.2017

Volda kommune v/ Landbrukskontoret Ørsta Volda
Dalevegen 6
6154 Ørsta

Høyring «Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune» Saksnummer: 2017/2172

Vi syner til høyringsdokument utsendt på e-post 30. oktober 2017.

Styret i Bjørkedal grendalag har informert innbyggjarane i bygda om fagrapporten. Alle vart inviterte til eit bygdamøte, der dei fekk høve til å kommentere rapporten og kome med innspel til høyringa.

Bygdamøtet var kritisk til at høyringa berre gjekk til grendalaga og faglaga i landbruket og ikkje til grunneigarane.

Fagrapporten kan verte eit viktig fagleg underlag i arealplansaker, men han er kanskje viktigare i sentrumsnære område enn i utkantane. Matjorda må vi ta godt vare på, også nær sentra, og det er naudsynt å skilje særleg viktige område frå dei som er mindre viktige. Møtelyden stilte spørsmål ved om beite burde vere med som viktig areal for matproduksjon.

Andre innspel til høyringsutkastet:

- Utvalskriteria for areal til matproduksjon er etter vårt syn brukte svært bastant og firkanta, utan særleg rom for skjøn og forståing for ulikskapar frå den eine bygda til den andre. Dette kan gi uheldige utslag med så varierende landskapet som det er i landet vårt.
- Tunområda må haldast utanfor kjerneområda så dei ikkje vert omfatta av eventuelle brukspålegg eller restriksjonar. Dette **gjeld både areal for matproduksjon og kulturlandskap** og det må anten teiknast inn på kartet eller gå tydeleg fram av teksten i rapporten.
- For kulturlandskap synest vi utvalskriteria er brukte heller vilkårleg og med mykje skjøn. Det som er plukka ut er i stor grad produkt av produksjonsmåtar og -område frå tidlegare tider. Vi ser lite av kulturlandskap rike på nyare kulturelement.
- Klassifisering som kulturlandskap, t.d. Laurdalsetra og Fladalsetra, må ikkje medføre restriksjonar eller pålegg. Det må vere høve til å byggje opp att sel som er borte og til å sette opp hytte/seterhus for dei som har rettar i området.

Vi viser også til uttale frå Gunhild Øksne/Hans Peter Eidseflot og gir vår støtte til deira skriv.

Bjørkedalen, den 24. november 2017

For Bjørkedal grendalag

Lars Kåre Kile
-styreleiar-



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Liv Bente Viddal	Arkivsak nr.:	2014/1469
		Arkivkode:	V60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/18	Forvaltningsutvalet	06.02.2018

GBR 128/1 – SØKNAD OM UTSETJING AV BUPLIKTA, HALVOR HJELLE

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til søknad om utsetjing av buplikta frå Halvor Hjelle, på gnr. 128 bnr. 1 i Dalsbygda, og til vedtak gjort i sak 56/14. Forvaltningsutvalet opprettheld vilkåret om buplikt på eigedomen, og gir utsetjing med oppfylling av buplikta til 01.01.2020. Grunngeving for utsetjinga er personlege forhold.

Vedleggsliste:

1. Søknad frå Halvor Hjelle, dat. 23.10.17 (NB; U.off., ettersendt til utvalet)
2. Saksutskrift 56/14 forvaltningsstyret
3. Gardskart i M 1:7500
4. Ortofotokart i M 1:5000
5. Folketalsutvikling 2012 - 2017

Saksopplysningar/fakta:

Halvor Hjelle tok over gnr. 128 bnr. 1 på Brunene i Dalsbygda den 01.01.2013. I sak 56/14 i forvaltningsstyret 18.11.14 fekk han utsetjing av buplikta til 01.01.18. Saksutgreiinga er vedlagt til orientering.

Halvor Hjelle har sendt søknad om utviding av fristen for buplikt, datert 23.10.17. Det er sendt melding frå landbrukskontoret om at saka ikkje vart handsama før nyttår pga. stor arbeidsmengd ved kontoret. Søkjar skriv i søknaden at pga. personlege forhold er det nødvendig med påbygg/tilrettelegging av bustadhuset, og at dette vil ta tid. Søknadsbrevet er unnateke offentlegheit pga. personlege opplysningar (medlemene i utvalet vil få brevet), medan saksutgreiinga er offentlig. Søkjar skriv også at foreldra bur i huset, og at det vert lagt til rette for dette vidare. Han er på bruket opp mot 50 dagar årleg, og held jorda i hevd. Han søker om fritak for bu- og driveplikt til 31.12.2021.

Etter gardskartet (Skog og landskap), har gnr. 128 bnr.1 areal på: 109,2 da fulldyrka jord, 2,8 da overflatedyrka, 6,2 da beite, 87,4 da skog, 26 da andre markslag; eit totalareal på 231,6 da. Det er bustadhus og driftsbygning på bruket. Dyrkajorda er bortleigd til 4 nabobruk som er i drift.

Vurdering og konklusjon:

I 2009 kom det nytt regelverk som gjeld bu- og driveplikt. Driveplikta er gjort varig og er flytta til jordlova, ein kan oppfylle denne sjølv, eller leige bort på 10-års kontrakt til andre bruk i drift. I denne saka vert difor berre fritak frå buplikta vurdert, og ikkje driveplikta. Når jorda er bortleigd til andre bruk i drift slik som på dette bruket, er driveplikta oppfylt, men eigar bør syte for skriftleg leigekontrakt viss dette ikkje er ordna.

Buplikta er knytt til bebygd eigedom med meir enn 35 da fulldyrka og overflatedyrka jord (grensa er auka frå 25 da etter 01.09.17), eller meir enn 500 da skog, og personleg buplikt er på 5 år, etter § 5 i konsesjonslova. Viss ein ikkje vil/kan oppfylle buplikta, må det søkjast om konsesjon til kommunen, slik Halvor Hjelle har gjort tidlegare. Han overtok bruket 01.01.13, og har hatt fritak i 1 + 4 år frå buplikta (ny eigar har automatisk 1 år frist med tilflytting etter overtaking). Han søker om 4 nye år med fritak.

Det er kommunen som avgjer om søkjar får konsesjon, og om det skal setjast vilkår om buplikt, anten personleg eller upersonleg. Upersonleg buplikt vil seie at andre enn eigar (og foreldre til eigar) er registrert busett på bruket, det er opp til kommunen å evt. godkjenne ei slik ordning, og buplikta kan i slike tilfelle vere lenger enn 5 år. Det er ikkje søkt om godkjenning av upersonleg buplikt i dette tilfellet, slik at dette ikkje vert vurdert i denne saka.

I konsesjonslova § 1 står det:

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

- 1. framtidige generasjoners behov*
- 2. landbruksnæringen*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser*
- 5. hensynet til bosettingen*

I § 9 står det om forhold av betydning for om konsesjon skal gis, spesielt for landbruks-eigedommar:

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særleg vekt på:

- 1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
- 2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
- 3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,*
- 4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet..*

Vidare i § 9 står det m.a.:

Første ledd nr. 1 og 4 gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 annet ledd. I slik sak skal det i tillegg til første ledd nr. 2, 3, og 5 blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment.

I tillegg til lovteksten, vert søknaden vurdert etter retningslinene i rundskriv M-3/2017 Konesesjon, priskontroll og boplikt. I konesesjonslova § 11 står det om vilkår for konesesjon, der buplikt er eit aktuelt vilkår.

I denne saka har forvaltningsstyret i førre sak sett vilkår om buplikt (personleg) for å gi konesesjon. Bruket har etter våre forhold gode arealressursar, og Dalsbygda er eit område med nedgang i folketalet (sjå vedlegg) der busetjingsomsynet difor veg sterkt, slik at dette vilkåret ikkje er urimeleg. Om søkjar ikkje kan/ynskjer å oppfylle vilkår om buplikt, må kommunen vurdere å gi avslag på søknaden om konesesjon, dvs. at søkjar lyt overdra eigedommen til nokon som kan oppfylle vilkåret.

Søkjar oppgir personlege grunnar til at det ikkje er råd med tilflytting no. Etter regelverket kan det leggjast vekt på eigar sin tilknytning til eigedommen og livssituasjonen, men berre som korrigerande moment. Det er ikkje omsynet til eigar som skal vere avgjerande for avveginga. Eg synest likevel det skal leggjast noko vekt på livssituasjonen, og kan tilrå noko meir utsetjing av buplikta. Eg oppfattar det slik at søkjar ynskjer å flytte til bruket, men eg synest likevel at 4 år i tillegg til tidlegare utsetjing er lenge i påvente av ein byggeprosess. Eg kan difor tilrå utsetjing av buplikta med to år til, til 01.01.2020.

Liv Bente Viddal
Landbrukskontoret Ørsta Volda

Utskrift av endeleg vedtak:
Halvor Hjelle, Røyslivegen 71, 2386 Brumunddal

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Steinar Drabløs	Arkivsak nr.:	2014/1469 (Ørsta 2014/1961)
		Arkivkode:	V60

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
56/14	Forvaltningsstyret	18.11.2014

KONSESJONSSØKNAD 1519 - GBR 128/1 - HALVOR OLA HJELLE, BRUNE HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 18.11.2014

Forvaltningsstyret viser til konsesjonslova av 28.11.2003 og delegert fullmakt og gjev Halvor Ola Hjelle konsesjon til overtaking av Brune, gnr 128, bnr 1. Det er eit vilkår for konsesjon at overtakaren buset seg på eigedomen innan 01.01.2018 og bur der samanhengande i minst fem år.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til konsesjonslova av 28.11.2003 og delegert fullmakt og gjev Halvor Ola Hjelle konsesjon til overtaking av Brune, gnr 128, bnr 1. Det er eit vilkår for konsesjon at overtakaren buset seg på eigedomen innan 01.01.2018 og bur der samanhengande i minst fem år.

Saksvedlegg:

Konsesjonssøknad med vedlegg
Kart

Samandrag av saka:

Halvor Hjelle overtok *Brune, gnr 128/1* den 01.01. 2013 konsesjonsfritt på vilkår om tilflytting seinast 01.01.2014. Etter overtakinga har han hatt vanskar med å finne høveleg arbeid i nærområdet. Han har heller ikkje fått godkjent pendling til arbeidsstaden han har no. Hjelle søker no konsesjon med vilkår om tilflytting seinast 01.01.2018. Eg tilrår søknaden.

Saksopplysningar:

Halvor Hjelle overtok *Brune*, gnr 128/1 den 01.01. 2013 konsesjonsfritt på vilkår om tilflytting seinast 01.01.2014. Etter våre tilhøve er garden ein fin landbrukseigedom. Den har slike arealressursar: (Kjelde Skog og landskap)

Fulldyrka jord: 109,2 da

Overflatedyrka jord: 2,8 da

Innmarksbeite: 6,2 da

Skog: 77 da

Anna areal: 25 da

Av ikkje dyrka areal er ca 25-30 da rimeleg god dyrkingsjord.

Bygningane og tilstanden på dei går fram av søknaden. Driftsbygningen var nytta til mjølkeproduksjon fram til år 2000 og seinare nokre år til kjøtproduksjon. Jorda er bortleigd. Krava til drift er stetta.

Hjelle har etter overtakinga og fram til no vore på leit etter høveleg arbeid i området. Sidan det ikkje har lukkast enno, har han søkt Folkeregisteret om godkjent pendling til arbeidsplassen han har på Hamar og meldt flytting til garden. Den 26.06 -14 fekk han avslag på flyttinga. Han søker difor no om konsesjon med vilkår om tilflytting seinast 01-01-2018. Dette gjev ei utsetjing på i alt 5 år.

Lovgrunnlaget:

§ 1. (lovens formål) Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produktionsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn.*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsjnteresser.*
- 5. hensynet til bosettingen*

§ 5. (unntak på grunnlag av erververens stilling)

Konsesjon er ikke nødvendig når erververen er:

- 1. eierens ektefelle, eller er i slekt med eieren eller eierens ektefelle i rett oppstigende eller nedstigende linje eller i eierens eller ektefellens første sidelinje til og med barn av søsken, eller er i svogerskap med eieren i rett oppstigende linje, forutsatt at eièren har sitt konsesjonsforhold i orden. Konsesjonsplikt kan likevel følge av § 7 annet ledd.*
- 2. odelsberettiget til eiendommen.*
- 3. staten.*
- 4. den fylkeskommune eller kommune der eiendommen ligger, såfremt ervervet gjelder en eiendom i område som omfattes av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven, og eiendommen i planen er utlagt til annet enn landbruksområde eller ervervet skjer ved ekspropriasjon. Et kommunalt tomteselskap der vedkommende kommune har minst halvparten av kapitalen og flertallet i styret, likestilles med kommunen når det gjelder konsesjonsfrihet etter dette nummer.*
- 5. bank eller annen institusjon som Kongen har godkjent i denne sammenheng, når ervervet skjer gjennom tvangssalg for å redde en fordring som erververen har panterett for i eiendommen. Eiendommen må selges videre innen to år. Fristen regnes fra stadfestingen av auksjonsbudet og kan forlenges av departementet.*

Ved erverv av bebygd eiendom hvor fulldyrka og overflatedyrka jord er mer enn 25 dekar, eller eiendommen består av mer enn 500 dekar produktiv skog, er konsesjonsfriheten etter første ledd nr. 1 og 2 betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv bebor den i minst 5 år.

(Mine understrekingar)

§ 9. (særlige forhold for landbrukseiendommer)

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttes til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,
2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,
3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,
4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,
5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.

Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.

Første ledd nr. 1 og 4 gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 annet ledd. I slik sak skal det i tillegg til første ledd nr. 2, 3 og 5 blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment.

(Mine understrekingar)

Rundskriv M-2/2009, Konsesjon og boplikt (Her gjev Landbruks- og matdepartementet eit oversyn om korleis dei ulike momenta skal vektleggast)

Eg siterer nokre sentrale punkt som omhandlar saker der personar med odelsrett overtek eigedomar, men søkjer fritak/utestjing med buplikta.

"Det følger av § 9 fjerde ledd første punktum, jf. § 9 første ledd, at det skal det legges særlig vekt på hensynet til bosettingen, en driftsmessig god løsning, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet....."

.....I § 9 fjerde ledd annet punktum er det fastsatt at det skal legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforholdene. Momentene skal ikke tillegges særlig vekt, jf. omtalen av dette i punkt 8.2.1.

.....Etter § 9 fjerde ledd tredje punktum kan det legges vekt på eierens "tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon". Disse momentene kan bare tillegges vekt som korrigerende moment. Dette innebærer at det ikke er hensynet til eier som skal være avgjørende for avveiningen. Bare hvis den samlede vurderingen av de øvrige momentene etterlater tvil om hvordan samfunnsinteressene best kan ivaretas, kan livssituasjonen eller tilknytningen etter omstendighetene bli avgjørende.

Søkers tilknytning til eiendommen kan være av ulik karakter. En søker som er oppvokst på gården vil ofte ha sterk tilknytning til den, men også annen form for tilknytning som for eksempel besøk i ferier, familietilknytning m.m omfattes av uttrykket. Eksempler på at hensynet til søkers livssituasjon gjør seg gjeldende kan være forhold knyttet til arbeids- eller utdanningsituasjon, familiære, helsemessige eller andre sosiale forhold.

(Mine understrekingar)

Vurdering og konklusjon:

Etter lova og rundskrivet skal det altså :

- leggest særleg vekt på særleg vekt på omsynet til busetjinga, ei driftsmessig god løysing, total ressursforvaltning og kulturlandskapet.
- det skal leggest vekt på storleiken på eigedomen, avkastningsemne og hustilhøva. Momenta skal ikkje særleg vektleggast, jf. omtala av dette i punkt 8.2.1.
- Etter § 9 fjerde ledd tredje punktum kan det leggest vekt på eigarens "tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon". Disse momenta kan berre vektleggast som korrigerende moment.

I denne saka talar omsynet til busetjinga i Dalsbygda for ei streng praktisering av buplikta. Foreldra til søkjaren bur no på eigedomen. Dei har også eige hus på frådelt tomt. Dette treng å pussast opp noko før det er klart til innflytting. Omsynet til busetjinga er såleis til ei viss grad

stetta ei stund. Etter mi vurdering er omsynet til driftsmessige løysingar, ressursforvaltning og kulturlandskap teke i vare slik driftsopplegget er no. Den beste jorda er bortleigd som tilleggsjord og eigaren steller kantar, hage og skog. Lokalt er dette ein stor eigedom med relativt gode hus. Dette er også moment som talar for streng praktisering av lova. Søkjaren har nær tilknytning til eigedomen, men dette er moment som skal leggest lite vekt på. Søkjaren har i praksis allereie hatt utsetjing med tilflyttinga i to år. Etter ei totalvurdering finn eg å kunne akseptere ytterlege tre år.

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Halvor Ola Hjelle, Røyslidvegen 71, 2386 Brumunddal


Klageinstans:


Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

postmottak@orsta.kommune.no

Rolleiv Hjelle, Vestre Dalsbygdveg 20, 6120 Folkestad



<p>0 50 100 150m</p> <p>Målestokk 1 : 7500 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 28.11.2017</p>	<p>Markslag (AR5) 13 klasser</p> <p>TEGNFORKLARING</p> <ul style="list-style-type: none"> Fulldyrka jord Overflatedyrka jord Innmarksbeite Skog av særst høg bonitet Skog av høg bonitet Skog av middels bonitet Skog av lav bonitet Uproduktiv skog Myr Åpen jorddekt fastmark Åpen grunnlendt fastmark Bebyggt, samf, vann, bre Ikke klassifisert Sum: 	<p>AREALTALL (DEKAR)</p> <table border="1"> <tr><td>109.2</td><td></td></tr> <tr><td>2.8</td><td></td></tr> <tr><td>6.2</td><td>118.2</td></tr> <tr><td>70.8</td><td></td></tr> <tr><td>8.3</td><td></td></tr> <tr><td>0.0</td><td></td></tr> <tr><td>0.0</td><td></td></tr> <tr><td>8.3</td><td>87.4</td></tr> <tr><td>16.7</td><td></td></tr> <tr><td>7.6</td><td></td></tr> <tr><td>0.0</td><td>24.3</td></tr> <tr><td>1.7</td><td></td></tr> <tr><td>0.0</td><td>1.7</td></tr> <tr><td>231.6</td><td>231.6</td></tr> </table>	109.2		2.8		6.2	118.2	70.8		8.3		0.0		0.0		8.3	87.4	16.7		7.6		0.0	24.3	1.7		0.0	1.7	231.6	231.6
109.2																														
2.8																														
6.2	118.2																													
70.8																														
8.3																														
0.0																														
0.0																														
8.3	87.4																													
16.7																														
7.6																														
0.0	24.3																													
1.7																														
0.0	1.7																													
231.6	231.6																													
<p>GÅRDSKART 1519-128/1 Tilknyttede grunneiendommer: 128/1</p>	<p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i areallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>— Arealressursgrenser □ Eiendomsgrenser</p>																													
 <p>NIBIO NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI</p>																														



128/1

Dato: 28.11.2017


Målestokk: 1:5000

Koordinatsystem: UTM 32N



© 2017 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

Folketalsutvikling per grunnkrets 2012 til 2017



Folketalsutvikling i Volda kommune



Grunnkrets		2017	Endring frå 2007	Folketal
Nummer	Navn	2017	Endring frå 2007	Endring frå 2012
15190101	Velsvik	49	-8	-9
15190102	Ulvestad	285	-28	1
15190103	Dravlausbygda	195	-9	5
15190104	Innselset	24	-13	-8
15190105	Åmeloft og Steinsvik	68	-30	-20
15190106	Dalsbygd	94	-32	-14
15190201	Folkestad	299	-4	11
15190202	Fylsvik	140	-21	-5
15190203	Bjørkedal	141	-10	2
15190301	Høydal	66	-1	-3
15190302	Fyrde	166	-26	-15
15190303	Kalvån	89	-26	-16
15190401	Halkjelsvik	111	-8	-3
15190402	Hjørta	178	19	34
15190403	Hauane	264	112	32
15190404	Myrane	585	5	18
15190405	Nedre Heltna	415	69	7
15190406	Nedre Heltna	652	131	23
15190407	Røyslid	943	-23	-6
15190408	Engeset og Klepp	1230	293	118
15190409	Norddalen	117	14	8
15190410	Nedre Røiset og Greivnes	630	127	44
15190411	Øvre Røiset	184	21	-2
15190412	Øvre Heltna og Vikebygd	1162	136	81
15190501	Øvre Vikebygda	160	-6	20
15190502	Egset og Mork	535	131	118
15190503	Elkrem og Ytrestøy	111	-6	-6
15190504	Lid og Yksnøy	196	-30	-8
15199999	Uppgitt grunnkrets	13	8	2